

---

**Fra:** Anita Bjordal <anita.bjordal@ue.no>  
**Sendt:** 24. august 2016 16:23  
**Til:** Leif Bjørnar Hopland; Lena Otterbu; Turid Kirsten Sporsheim Tvedt; Terje Hugo Aarvik; Katrine Hopland; Aashild Halland; Nils Kvalvågnes; Erik Klausen; Anne Wergeland; gunn.skjerpings.knudsen@nhkg.no; Post Austebygd Skule; Hanne-Mari Engen; Inger Morken Ellingsen; sabo.skule@radoy.kommune.no; Bodil Boie Brekkan; Eldbjørg Bakke; Jahn Olav Nordheim; Liv Øydis Trædal; Berit Karin Lygre; Dina Merete Kal Dyrhovden; Irene Hystad Hugaas; Hogne Brunborg; Magne Lædre; Rolf Inge Fyllingsnes  
**Kopi:** Ragna Midtbø; Kristin Moe; Jo Tømmerbakke; Torleiv Frotjold; Alf Magnar Strand; Reidun Elin Johannessen; Jahn Olav Nordheim  
**Emne:** Aktivitets og kursplan for skulane i Nordhordland 2016 og 2017  
**Vedlegg:** Info VÅRT LOKALSAMFUNN.docx; Info SMARTere Energi.docx; Info om Økonomi og karriereval NN.docx; Aktivitets og kursplan Nordhordland 2016 - 2017.docx

## UNGT ENTREPRENØRSKAP HORDALAND SITT KURSTILBUD TIL GRUNNSKULANE I NORDHORDLAND 2016 - 2017

Her er ein oversikt over kva lærarkurs/ undervisningsopplegg Ungt Entreprenørskap tilbyr medlemskommunane i Nordhordland. Sjå vedlegg for meir info om dei forskjellige opplegga. Det kjem invitasjon med påmeldingslink til skulane i god tid før kvart enkelt kurs. Frå 1. september finn de og påmeldingslink i kalenderen på nettsidene til UE Hordaland. Alle kursa er gratis og det blir enkel servering. Kommunane i Nordhordland er flinke til å benytta seg av entreprenørskapsopplegga våre. Vi håpar at mange av skulane har lyst å vera med i år også!

### FOR BARNESKULANE:

#### VÅRT LOKALSAMFUNN (4. trinn):

Lærarkurs **torsdag 20. oktober kl. 13.00 – 15.15** på Nordhordland Folkehøgskule

Rettleiarkurs **tysdag 8. november kl. 13.00 – 15.15** på Nordhordland Folkehøgskule

Veke 46 og veke 47 er gjennomføringsperiode for VÅRT LOKALSAMFUNN (opplegget er på ein dag).

#### SMARTare Energi (6. trinn):

Lærarkurs i Nordhordland **torsdag 24. november kl. 12.15 – 15.30**

Veke 6 og 7 er gjennomføringsperiode for SMARTcampar (campane går over to dagar) og

Veke 10 blir det kommunekåring

Fylkesfinalen i SMARTare energi (for vinnarlaget i kommunen) vert **onsdag 5. april 2017** på VilVite.

## FOR UNGDOMSSKULANE:

### ØKONOMI OG KARRIEREVAL (9. trinn):

Lærarkurs i Nordhordland **torsdag 29. september kl. 13.00 - 15.15.**

### JOBBSKYGGING (8. – 10. trinn):

Oppgaver som kan brukast før og etter at elevane har hatt arbeidsdag/ arbeidsveke kan lastast ned frå [www.ue.no](http://www.ue.no) (finn jobbskygging og rett klassetrinn) eller kjøpast som elevhefter hos Ungt Entreprenørskap Hordaland. NB! Om ein lastar ned hefta er det viktig å senda [anita.bjordal@ue.no](mailto:anita.bjordal@ue.no) ein mail om skule, klassetrinn og antal elevar som nyttar oppgåvene.

### ELEVBEDRIFT (8. – 10. trinn):

**Ta kontakt dersom de ynskjer hjelp med elevbedriftsopplegget dykkar!** På nettsida [www.elevbedrift.no](http://www.elevbedrift.no) finn du mykje om korleis ein driv elevbedrift. Send oss ein mail dersom de ynskjer å stilla ut elevbedriftane sine produkt og tjenester på Nordhordlandsmessa i Nordhordlandshallen onsdag 30. november. Det vert EB-kurs for lærarar i **juni 2017.**

**\* Deltakelse på kurs og aktiviteter forutsetter at din kommune er medlem av Ungt Entreprenørskap.**

## ENTREPRENØRSKAP I UTDANNINGA

Ungt Entreprenørskap (UE) er ein ideell landsomfattande organisasjon som i samspel med skuleverket, lokale myndigheitar og næringsliv jobbar for å utvikla barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. I Ungt Entreprenørskap Hordaland har me no 18 medlemskommunar. UE tilbyr rundt tjue undervisningsopplegg frå grunnskule til høgare utdanning. Målet vårt er å bidra til å utvikla elevar og studentar sin innovasjon og entreprenørskapskompetanse. På grunn av stadig raskare endringar i samfunn og arbeidsliv i tida vi lever i, er denne kompetansen sentral for elevane.

### Frå den generelle læreplanen:

*«Opplæringa må gi adgang til det arbeids og samfunnslivet vi har i dag, og gjera elevane i stand til å meistra skiftande omgjevnader og ei ukjent framtid»*

### UNDERVISNINGSSOPPLEGGA VÅRE:

- er tverrfaglege og dekkjer mål i læreplanen
- har vekt på kreativitet/ ideutvikling og at elevene blir kjende med omverda
- har fokus på «å læra ved å gjera»
- stimulerer til potensiell verdiskaping
- har med bidragsytarar frå lokalt arbeids/ næringsliv i gjennomføringa

Sjå nettsidene våre [www.ue.no](http://www.ue.no) for meir informasjon eller ta kontakt dersom de har spørsmål!

Med vennleg helsing

**Anita Bjordal**

Rådgjevar Grunnskulen

-----  
**Ungt Entreprenørskap Hordaland / JA-YE Norway**

Veiten 3 (6.etg)

Postboks 694 Sentrum, 5807 Bergen

-----  
Mobil: + 47 970 94 959

[www.ue.no](http://www.ue.no)

**FRAMTID - SAMSPILL - SKAPERGLEDE**